

## FORSØK PÅ EIN IDEOLOGI

Korleis tok det heile til? Kanskje ein pen Stein som blenkte i strandkanten, vaska rein av bylgjene i tusen år. Kvilde godt i handa, vart eit minne om noko. - Det var alltid ein plass i hylla -

Sia kom det fleire dit. Dei hadde noko å fortelja, fekk namn, sia eigenskapar. Voks inn i ein samanheng med våre aukande kunnskapar, vart ein del av ei stor og forunderleg verd. Krystallar med fullkomne flater, kunstverk frå ein gavmild natur, det vakraste av det skapte -

Vi driv det kanskje ikkje lenger enn til denne hylla. Men det gjer ikkje noko, for det er ikkje mengda i seg sjølv som teller, berre den glede, den venleik vi kan finne på nytt og på nytt.

For dei fleste steinsamlarar er det estetiske, "pene stuffar" hovudsaka, for andre samanhengen. Ofte veks appetitten med kunnskapen, vi blir systematikarar og samlar etter bestemte reglar, eller vi vil vise andre vegen til denne gleda og legg opp pedagogiske samlingar. Atter andre tek til å bearbeide steinen til smykke, til mosaikkar eller bordplatar. Kanskje er vi ikkje eingong fornøgde lenger berre med det vi greier å finne sjølve, vi tek til å bytte stuffar eller "skeiar ut" med å kjøpe ei lekker amethystdruse i ei forretning.

Lat oss så sjå på utviklinga frå ein annan synstad:

For 10 år sia var det knapt ein handfull menneske som samla mineralar her i landet, i dag er det tusen berre organisert i NAGS-foreiningar, desse utgjer kanskje berre halvparten av det totale antal. Hva har hendt? Vil ikkje denne gjengen på stutt tid plyndre mineralforekomstene våre til siste krystall? Og enda værre: Utlendingar drar mineraler for millionbeløp ut av landet - les vi i avisene.

Kva er det vi har slept laus, her må det i høgste grad vera grunnlag for panikk: Lat oss før svartsynet heiltfår overmanna oss sjå litt på kva slag forekomster vi har, og eg skal i det etterfylgjande dele dei inn på ein spesiell måte:

### 1) Gamle gruver, pegmatittar

Dersom vegvesenet ikkje har fått ferten av dei, vil det her vanlegvis vera store skrottippar. Oftast vil det løne seg å samle på tippen, og det skal vera ein ivrig samlar som greier å arbeide seg meir enn 1 m ned. Altså vil berre øvste laget av eit rikeleg materiale vera til-

gjengeleg, og det bør her bli tale om vern berre der spesielt små og verfulle tippar eller naturvernomsyn krev det.

Svært mange mineralar vil dessutan forvitre eller blir ferringa med tida om dei ikkje blir tekne vare på.

## 2) Gruver, pegmatittar eller steinbrot i drift

Samlarar vil mest alltid vera interessert i anna materiale enn dei som driv, ofte vil amatørsamlarar vera dei einaste til å ta vare på elles uerstatteleg materiale som elles ved moderne drift går rett i knusaren. Føresett at samlaren ikkje er ein sikringsrisiko eller går i vegen for arbeidet bør dei derfor ha tilgjenge til denne type forekomster.



Gamle gruver er et populært mål for mineralsamlere.  
Her Ødegaarden Verk.

### 3) Vegskjeringar, byggetomter, kraftverkstippar m.m.

Kvart år blir det sprengt ut milevis med nye tunnellar, skjeringar i landet vårt. Berre unntaksvis vil arbeidsfolket sjølv ta vare på noko, og det er utenkjeleg at Staten sjølv skulle ha råd til å ha folk i løns-kasse 18 springjande rundt om noko skulle dukke opp. Altså blir det også her berre amatørane som kan berge nokre av desse naturens skattar for framtida, evn. i samarbeid med musea. Truleg er dette i dag den måte som flest mineralforekomster blir tilgjengelege på i landet vårt, - og øydelagde - Berre i heilt spesielle høve bør det bli restriksjonar på samling.

### 4) Brot drivne på spesielle mineral, smykkestein

Desse er, og vil også i framtida bli få. Ein grunneigar (drivar) vil legge ned arbeid på å ta fram materiale, han må da også bestemme om han vil sleppe andre til, evn. kva dei må betale pr. kg. At det her må koma ordningar som er rimelege for både partar er sjølvsagt, elles vil dei knapt fungere.

### 5) Forekomster i utmark, ikkje drivne

Av desse blir det funne relativt få nye pr. år. Slike forekomster må behandles med større varsemd enn andre typer forekomster. Er dei små eller spesielt interessante, bør dei berre rapporterast til databanken i Geologisk Museum, i alle fall bør museets geologar få høyre om dei før andre. For slike forekomster (og unntaksvis andre) kan det koma på tale med fredning.

Generelt trur eg steinfolket i framtida bør bu seg på at mange grunneigarar vil ha ei form for betaling, og eg finn ikkje noko urimeleg i dette. Det er viktig ikkje å øydeleggje, rasere eller forsøple på funnplassane, dette vil i neste omgang kanskje føre til at dei blir stengde.

Det er lett å ta med seg for mykje, men etter mi mening er det rettare å ta vare på eit unikt materiale enn at det skal gå tapt (t.d. asfaltes ned). Vel så viktig som mengda er måten å behandle steinen på: Det er ikkje meir moralisk høgverdig å ta med seg ein stuff enn å ta med seg 10 kg, dersom ein for å få akkurat denne stuffen først har slegi sund alt ein kom over. Dersom ein først har teki til å arbeide med eit materiale, har vi ei plikt til å gjera best mugleg ut av det, dvs. lære oss å trimme stuffane, pakke dei skikkeleg osv.

Å kontakte grunneigaren før ein går til ei forekomst må etter kvart bli sjølvsagt. Likeeins at Geologisk Musum (eller andre off. musum) bør ha sin del av potten. Museas oppgåve er ikkje berre å stille ut topp-stuffar; men like mykje å leggje opp ei best mugleg samling frå ulike norske minerallokalitetar. Nemleg!

Finst det så nokon plass for MINERALHANDLAREN i dette (litt idealierte?) biletet?

Ettersom det blir påstått at Noreg er det einaste landet der misunninga er sterkare enn kjønsdrifta, lat meg fyrst slå fast at ingen kan bli rik på slik geskeft her på berget. For i det heile å halde hovudet over vatnet, må vedkomande truleg selja både smykker, brukskunst, utstyr til sliping m.m. altså harmlause saker sjølv for dei mest puritanske.

Så vil eg filosofere litt omkring problemet:

Frå naturen er Mexico forsynt med enorme mengder vakre mineralar. Men det er få samlarar der og vanskeleg å samle sjølv, derfor blir det gjerne gruvearbeidarane som tek vare på og sel det dei finn for å tene til livets brød. Dersom vi skulle ynskle mexicanske mineralar i samlinga vår, må vi derfor kjøpe dei eller evn. bytte dei frå folk som sjølve har kjøpt dei. Sjølvsagt er det for alle artigast med det ein har funne sjølv, men eg kan ikkje sjå noko moralisk forkasteleg i å gle meg over noko eg har kjøpt.

Lat oss så vende heim til vårt kjære fedreland, og lat meg med ein gong for dei som ikkje alt veit det tilstā min brøde: eg handlar med norsk stein. Frå her kan vel dette innleget derfor lesast som simpelt sjølvforsvar.

Dei fleste menneske skal ha ein souvenir, altså ein "pen Stein", og det som da går best vil bli slikt som thulitt, amazonitt, solstein, svovelkismalm og eklogitt. Desse er kjøpt av eller henta i samråd med eigaren, dei har vore utsett for kalkulasjon liksom andre varer. For stein (krystallar) som er funne i (stats-) ålmennningar vil situasjonen vera meir uklår, dette gjeld t.d. vesuvian frå Hamrefjell (som eg har bytt til meg), svovelkis frå Tesse, anhydritt frå heilårsvegen over Strynfjellet. Dette er ressursar som, ideelt sett, tilhører alle, men dersom ingen tek vare på dei, får dei heller ingen verdi. Som ved anna salg, får staten moms og skatteinntekter, men brorparten blir sjølvsagt i forhandlarenes lomme. Enda i dag dreiar dette seg om småbeløp, men for framtidia trengst det her klare reglar. Hovudhensikta må vera å hindre rovdrift på ressursane og at det som blir teki ut, blir forsvarleg behandla.

Og nettopp her har mineralhandlaren kanskje ei oppgåve. Ved at han virkar som samlepunkt i eit område kan han kanalisere trafikken, vera ein bindelekk mellom samlarar og grunneigarar, formidle opplysningar. Han kan arrangjere ekskursjonar og fungere som ein sosial institusjon der samlarar kan ha eit naturleg treffpunkt. Her kan samlarar få stoffar bestemt, kanskje bytte, her kan dei gle seg over ei levande og skiftande utstilling.

Det vil vera naturleg for mange mineralhandlarar og drive sine eigne brot. I andre land (USA - England) har dei ofte direkte kontakt med gruveselskap og arbeidalar og tek vare på uvurderlege verdiar.

At ein mineralhandlar skulle kunne gjera alt dette utan eigen fordel er utenkjelleg, så god er nå ein gong ikkje verda. Derfor må han kunne rekne seg ei rimeleg forteneste.

I og med at pengar kjem inn i ein hobby, ligg faremomenta dessverre snublante nær. Pengefolk kan finne det interessant å plassere kapital i mineralstuffar og såleis kommersialisere det heile, mineralhandlaren kan utarte til ein grådig egoist som omsynslauast tek for seg av naturens avgrensa ressursar.

Torgeir T. Garmo

## STEINTREFF PÅ FOSSHEIM I PINSA, 27/5 - 30/5

Ekskursjonar, kåseri, hyggeleg miljø.

I veka etter pinse blir det slipekurs i vårt nye sliperi. Slipeutstyr til rådvelde, instruksjon.

Detaljert program blir seinare sendt til geologiforeningane.

Påmelding: Tlf.: Lom 2054

Neste steintreff: september

PS: Vi har litt ledig plass i påska.

Torgeir T. Garmo

### BREVKURS I GEMMOLOGI

En 24-siders brosjyre fra Gemmological Institute of America beskriver en rekke brevkurs i gemmologi, bl.a. diamanter, fargede smykkestein, identifisering, perler, laging av smykker, utstilling og salg. GIA, 1660 Stewart Street, P.O. Box 2110, Santa Monica, CA 90406, USA